



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 28. november 2019
Tid: Kl. 18.30

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Anne Marie Røed	
Herman Inge Aadland	
Sigrid Marie Fangel	(Ord for dagen)
Wenche Andersen Helland	
Håkon Rydland Sæbø	
Svein Lunde	
Aase Rygg H. Nøttveit	
Roald Drønen	Sokneprest

Jan Overweg Fung. kyrkjeverje

Forfall faste medlemmer:

Namn	Funksjon
Tom Rydland	
Sigurd Andre Maraas	Kommunal representant

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
-------------	-----------------

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Jostein Skram	1. varamedlem
Karin Marie Korsvik	2. varamedlem
Magnor Tverderøy	3. varamedlem
Hilda Gloppen	4. varamedlem
Jan Ottar Wiik	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



Sakliste:

Sak	Tittel	Sak for kommunal repr.
S-50/19	Referat frå sist møte	x
S-51/19	Utlysing av kontormedarbeidarstilling	x
S-52/19	Gudstenesteliste for første halvår 2020	
S-53/19	Offerliste for første halvår 2020	
S-54/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-55/19	Meldingssaker	
S-56/19	Open post	

Sak 50/19 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 05. november 2019 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 05. november 2019.

Innkalling skal leggast ut på kyrkja sine nettsider før møter.

Sak 51/19 Utlysing av kontormedarbeidarstilling

Fitjar sokneråd har i sak 44/19 gjort fylgjande vedtak:

«Det nye soknerådet må så snart som mogeleg få utlyst ei 40% stilling til administrasjon med tilsetjing frå 01.01.2020.» Bakgrunnen for saken er også gjort rede for i budsjettbrevet for 2020 (Avsnittet om administrasjon er lagt ved møteinnkallinga).

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokn skal snarast råd lysa etter kontormedarbeidar i 40% fast stilling. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing.

Vedtak:

Framlegg til vedtak einstemmig vedteken.

Sak 52/19 Gudstenesteliste for første halvår 2020

Soknepresten har utarbeidd gudstenesteliste for første halvår 2020. Nærare informasjon om gudstenestene som er planlagde vart lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til referat.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenestene første halvår 2020 slik den ligg føre.

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg einstemmig til planen for gudstenester.

Soknerådet ynskjer at det vert forsøkt å få med ungdom i teneste under gudstenester.

Sak 53/19 Offerliste for første halvår 2020

Soknepresten har sett opp offerliste for første halvår 2020. Nærare informasjon vart lagt fram i møte.



Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til offerlista for første halvår 2020 slik den ligg føre.

Ordninga med at 10 % av offeret til utanforstående organisasjonar går til lokalt kyrkjelydsarbeid, held fram.

Vedtak:

Soknerådet har eit ynskje om at eige arbeid vert prioritert, særleg med vekt på ungdomsarbeidet.. Dette er viktig arbeid for å byggja eigen grunnvoll.

Planen med dei endringar som vart teken inn i møtet vart vedteken og ligg som vedlegg til referat.

Sak 54/19 Arrangement i kyrkja

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering. Framfor oss ligg det julekonsertar, barnehage- og skulegudstenester, julegudstenester m.m. Soknerådet bør sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Vedtak:

Soknerådet ber om sak på oppfølging av frivillige i kyrkjelyden. Ut over dette tek soknerådet dette til orientering.

Sak 55/19 Meldingssaker

I møtet vart det orientert om desse sakene:

1. Budsjett for 2020 – saksdokument ligg på heimesidene til Fitjar kommune (Budsjett 2020)
2. Møteplan for sokneråd – våren 2020 – supplert med saker som fylgjer årshjul:

Dag	Årshjul
Torsdag 23.01.2020	Godkjenning av budsjett 2020
Torsdag 20.02.2020	Årsmelding og førebuing årsmøte
Torsdag 19.03.2020	Førebuing kyrkjelydsfest
Torsdag 23.04.2020	
Torsdag 04.06.2020	Gudstenesteliste og offerliste hausten 2020
Tidleg vår?	Strategi-samling

3. Datoen for kyrkjelyden sitt årsmøte blir søndag 08.03.2020 etter gudstenesta
4. Datoen for kyrkjelydsfesten blir søndag 29.03.2020 kl.16.00

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering.

Soknerådet ber om å få sak om nemndene, kven er med og kven skal representere soknerådet i nemndene så snart som mulig.



Strategisamling: Startar møtet 23.01.19 kl. 17.00 med litt mat og tar så ei drøfting av strategi før budsjettet. Leiar førebur eit notat om tankar for strategi.

Sak 56/19 Open post

- Samarbeid med sogelaget
Skal soknerådet og sogelaget samarbeide om eit seminar/foredrag omkring den gamle kyrkjeretten, Håkon den gode som lovgjevar og Olav den heilage. Soknerådet ynskjer at dette vert halden i kyrkja men dato må koordinerast med planen i kyrkja. Kostnad må undersøkjast og leggast fram for soknerådet til endeleg vedtak.
- Opplysningsvesenets fond
Søkje om eit tilskot frå Opplysningsvesenets fond til ungdomsarbeid og leiaropplæring. Anne Marie Røed og Randi L. Matre har laga budsjett på 80 000,- og soknerådet må skyta inn kr. 20 000,- som eigenandel. Soknerådet går inn for søknaden men vil ha ei saksutgreiing til neste møte i Januar før endeleg vedtak om gjennomføring av prosjektet.
- Betaling av treningstid KRIK i Kulturhuset.
Vedteken at soknerådet betaler dette.
- Småbarnsforeldre
Sokneprest vil ha arrangement for småbarnsforeldre. Invitere til foredrag av Ingeborg Hatlevik Ørjasæter om dei mange utfordringane som småbarnsforeldre møter i kvardagen. Soknerådet støttar dette og synes dette er eit flott initiativ.
- Kulturkontor – uttale til budsjett?
Soknerådet sender ikkje uttale til budsjettet i denne samanheng.
- Evaluering kurs
Evaluering av kurset soknerådet deltok på vert utsett til neste møtet.